Blad i postabonnement

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1262
5943 Austrheim

Igjen kan me møtast på den tradisjonsrike

# BEDEHUSDAGEN

## Laurdag 20 nov kl 13:00 på Årås bedehus

Tombola, åresal, trekning av loddbøker, kafè, andakt.
Kontantar og Vipps kan brukast.

Me tek gjerne imot gevinstar om du ynskjer å støtte drifta av huset. Dette kan leverast på bedehuset torsdag 18. nov kl 19:00



Det vil vere godt ivaretatt smittevern under samlinga.
Vel møtt på Årås bedehus




Kyrkjebakken nr 08 – 2021 – Oktobernummeret – 50 årgang – nytt stoff innan 12.nov



# KYRKJEBAKKEN

*Informasjonsblad for Austrheim sokn*



## KYRKJESKYSS

*Treng du skyss for å kome deg til gudstenesta?*

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Bodil Monslaup 414 57 215
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

## Austrheim Kyrkjelyd


**Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim**
**Tlf. 56 16 72 90**
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no


**Kontortider:**
Sokneprest: Trefftid etter avtale
Kyrkjeverje:

**Bustadtelefonar:**

| | |
|---|---|
| Sokneprest Rune Minde | 906 95 377 |
| Kyrkjeverje Leif Arne Økland | 40 06 52 31 |
| Organist og kyrkjelydspedagog Jostein Hauge | 40 46 62 11 |
| Kyrkjetenar Gry Haukeland | 41 30 85 58 |
| Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn | 41 66 26 10 |


**Redaksjonen**

| | |
|---|---|
| Utgjevar: | Austrheim sokneråd |
| Redaktør: | Jostein Hauge, |
| Redaksjon: | Jorunn Kårdal, Britt Rebnord, Leif Arne Økland. |
| Adresse: | 5943 Austrheim |
| Trykk og Design | Trykk-Service as |


# Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

*Følg med på heimeside, facebook og plakat for eventuelle endringar.*

06.nov kl 18.00
**Minnegudsteneste**

07.nov kl 11.00
**Helgemesse**

21.nov kl 11.00
**Gudsteneste**

28.nov kl 19.00
**Lysmesse**

09.des kl 19.30
**Konsert i Lervågen bedehus**



# Er du ein helgen?

***De er Guds utvalde, heilage og elska av han. Kled dykk difor i inderleg medkjensle og ver gode, milde, audmjuke og tolmodige (Kol 3,12)***

Det var under ein bispevistas i heimbygda mi for nokre år. Midt på dagen hadde biskop Per Lønning nokre timar fri, og eg inviterte han til heimgarden min der eg hadde vakse opp. Vi gjekk ein tur i skogen saman med kyrkjestaben.



Om kvelden skulle det vere eit møte i bygda der biskopen skulle tale. Han starta på følgjande måte: « I dag har eg vore på pilgrimstur. Ja, de veit vel kva ein pilgrimstur er for noko? Ein pilgrimstur er det når ein vitjar staden der ein heilag mann eller kvinne kjem frå».

Eg opplevde dette som ein kameratsleg spøk frå biskopen si side. Men likevel låg det også eit djupare poeng i biskopen sin utradisjonelle tale. For kva er ein heilag person? Det er ein person som trur på Jesus, og som gjennom trua er utvalt og heilaggjort av han. Og det er ofte god grunn til å vitje folk utover bygdene som lever i trua på Jesus. Eg hadde ei bestemor som var ei heilt alminneleg bondekjerring. Ho hadde ingen skulegang utover 7-årig folkeskule.

Kvar einaste kveld tok ho fram den gamle, slitne nynorske salmeboka. Ho song ei salme, las kanskje ein bibeltekst, bad ei bøn og avslutta med Fadervår. I heile barndommen min høyrde eg på dette kveldsritualet. Bestemor mi var ingen feilfri person, men ho var eit heilagt menneske, fordi ho var glad i Jesus og levde i trua på han. Og ho viste oss borna som vaks opp korleis vi skulle vandre på trusvegen.

Når vi no feirar Helgemessesøndag eller Alle Helgensdag i kyrkja vår, så er det ikkje berre dei store helgenane som er kåra av paven som står i fokus. Lat oss løfte fram alle menneske som vi møtte, som var heilage for Gud i trua på Jesus Kristus. Alle dei som var gode vitne for oss og som viste oss vegen til det evige livet.

*Geir Sørebø*

# Min salme

*Gunnhild Nag Mosland*



En salme er ikke bare en salme. Den er mangfoldig i både bruk og betydning.

Enkelte salmer har vi med oss fra barndommen, slik som «Ingen er så trygg i fare», og «Hvem har skapt alle blomstene». Andre salmer er mer å regne som en felles arv, som «Den prektigkledde sommerfugl» og den gjenkjennelige «Måne og sol». Slike salmer bringer oss gjerne tilbake til bestemte situasjoner, og steder, der vi var mange som sang. Andre salmer knytter vi til bestemte mennesker – og gjerne til minner om de som er gått bort.

Ser vi på situasjonen rundt, på det sosio-kulturelle, er salmen som en opplevelse å regne. Salmen gir en opplevelse av å være til stede. Av å være her og nå; I kirka, eller hjemme, med to-åringen på armen. Salmen gir opplevelse av relasjoner og tilhørighet - til Gud, og til hverandre. Det er kanskje selvsagt for noen, men verdt å ta inn over seg for andre?

**Ingen er så trygg i fare**
**som Guds lille barneskare,**
**fuglen ei i skjul bak løvet,**
**stjernen ei høyt over støvet.**

**Herren selv vil sine berge.**
**Han er deres skjold og verge.**
**Over dem han seg forbarmer,**
**bærer dem på faderarmer.**

**Ingen nød og ingen lykke**
**skal av Herrens hånd dem rykke.**
**Han, den beste venn blant venner,**
**sine barns bekymring kjenner.**

**Våre hodehår han teller,**
**hver en tåre som vi feller.**
**Han oss føder og oss kleder,**
**midt i sorgen han oss gleder.**

**Gled deg da, du lille skare!**
**Jakobs Gud skal deg bevare.**
**For hans allmakts ord må alle**
**fiender til jorden falle.**

**Hva han tar, og hva han giver,**
**samme Fader han forbliver,**
**og hans mål er dette ene:**
**Barnets sanne vel alene.**

## BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER

Tysdag 10-15
Onsdag 14-19
Fredag 10-15

**FONNES FILIAL OPNAR FOR PUBLIKUM FRÅ OG MED TORSDAG 26. AUGUST.**

Filialen vil vera open for publikum torsdagar

14 - 16.30.

Fonnes filial sine opningstider følgjer elles skuleruta, og vil vera stengt i skulen sine feriar.

***Følg med på Facebook eller plakat for eventuelle endringar grunna smittevern***

*God bok*





## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgeret.
**Legevakt 116117**

**Austrheim legekontor**
Tlf. 56 16 82 00
Opningstider for publikum:
**Kl.08.30 - 15.00.**
**Telefontid: 08.30 - 12.00 og 13.00 - 15.00.**

**INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!**

**Årås helsestasjonen**
**Åpningstider for publikum:**
**kl 08.30- 15.00**
**Helsesøster** tlf. 56 16 82 11
**Jordmor:**
tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)
**Psykisk helse:** tlf. 56 16 82 13

**NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :**

| | |
|---|---|
| **Nordliheimen :** | 56 16 20 40 |
| **Nordliheimen/kjøkken:** | 56 16 20 49 |
| **Vestlia:** | 56 16 20 55 |
| **Heimesjukepleien:** | 56 16 21 23 |

# BOK-SLEPP

**på Sanitetshuset på Litlås torsdag 4. november 2021 klokka 19.00**

**Musikalsk innslag ved Kari og Elisabeth**
**Presentasjon og sal av boka**
**Kaffi og noko å bita i**
**Alle er hjarteleg velkomne**




Boka kan frå 5.11. kjøpast hjå: Mastrevik Bok og Papir AS Servicetorget, Austrheim

Margot 90735608, Liv 90077875, Mikal 47463195, Helge 90931379, Atle 94494965, Hege 93046429, Harald 97150922, Einar 95168340

Boka kostar 350, - kr

# MIKAL KROSSØY 80 ÅR

Det var ikkje enkelt å samla familie og vener i koronatida.
Me gjer eit nytt forsøk på 81-årsdagen 28. november.

Dersom du vil helsa på jubilanten, så er du velkomen i Kilstraumen mellom kl. 14.00 og 18.00.






Utfører vasking, rensing og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

# LERVÅG BEDEHUS

**Søndag 31. oktober Bergen kontaktsenter, Evangelisenteret 1100**
**Søndag 8. november Øystein Valde 1100**
**Søndag 28. november Torsten Mentzoni 1100**

**UNGDOMSKVELDAR FRÅ 7. KLASSE OG OPPOVER KLOKKA 1930-2230**

**Fredag 29. oktober**
**Fredag 12. november**
**Fredag 26. november**

## Kom i julestemning

Julekonsert

Lervåg bedehus

Torsdag 09.desember
kl. 19.30



Arrangør: Austrheimkyrkja og Lervåg bedehus



Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gåve/Glas - Gardiner/Utstyrsvarer - Bokhandel/Leikar
Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvitevarer/Belysning - Jernvarer/Fargehandel - Båt/Fiskeutstyr




**Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.**

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

**Spør oss gjerne om mer informasjon.**

BOSCH Service
**Fosnøy Bilsenter**
Tlf: 56 16 75 50
Mastrevik

BOSCH Service
Car Service

BoschCarService.no
For everything your car needs.





# Austrheim sokn

## Gravlagd

24. september:
Else Karin Rebnord f.1934

## Døypte

03.oktober:
Luca Molvik Sætre
Marius Johan Vågenes Mjøs

### Takk

for alle helsingar, gode ord og blomster ved vår kjære Oddrun Magnussen sin bortgang. Ein spesiell takk til Nordhordland taxi for all hjelp og støtte Oddrun fekk i dei 4 åra ho gjekk på dialyse på Haukeland sykehus.

***Helsing Svein, Dag Magne, Sølvi***

### Hjertlig takk

for all omtanke, fine ord og helsingar, blomster og trøst ved min kjære Arne Sanden sin bortgang. Takk til venner og familie for all hjelp i ei vanskelig og tung tid. Takk til alle som var med og gjorde bisettelsen til ein nydeleg sermoni.

***Beste helsing Sølvi***

### Hjartelig takk

for helsingar og blomster til min 80 årsdag. Takk til diakoninemnda og Bodil Monslaup som kom med den.

***Helsing Svein Magnussen***





# Velkomen til søndagsskule

Det starta med eit ynskje om å få til søndagsskule i kyrkja. Så kom det ei pengegåve som opna for å kjøpa ein stor og god lavvo. Då to familiar ville ta ansvaret var sundagsskulen eit faktum. 3.oktober var første prøve, og dei fire borna som var med i lavvoen fekk høyra om den lamme mannen som vart fira ned gjennom taket og som Jesus gjorde frisk. Trass sur vind var det lunt og godt inne i lavvoen, og borna koste seg med både bibelfortelling, song, boller og saft. Planen framover er å ha søndagsskule under ein del gudstenester framover.

Amelie Knieriem som er trusopplærar håper at mange born etter kvart vil bli med, og det går an å la borna koma på søndagsskulen sjølv om foreldra ikkje skal på gudsteneste.

Her viser Rune prest fram ei skattkiste som skal brukast i søndagsskulen. Niels Helgeland er ein av dei som skal vere med å drive søndagsskulen saman med kona Joy. Eivind og Gunnhild Nag Mosland skal og vere med saman med Amelie som er trusopplærar.












Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

• Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også
• Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no



KILSTRAUMEN
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller

SKARSVÅG
Rør og Interiør as

MINI FRISØRSALONG

ønsker velkommen
til gamle og nye kunder.
Vi treffes på Åråshøgda 10.

Timebestilling:
Mandag,Tirsdag, Torsdag og Fredag.
Onsdag er stengt
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

*Alla Kurinna og Rieko*

MNTF

*Tannlege*
*Otto Førde*
*i Mongstadkrysset*

*Jeg tar imot nye pasienter*
*og yter akutt hjelp.*

*Telefon vakt 56 16 98 35*

Per Kenneth Bø
BYGGMESTER

Panasonic
Varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no

Vatne
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til
med rådgivning
og tilrettelegging
ved begravelser
og bisettelser.

Ring døgnvakt:
56 35 09 10
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11
5914 Isdalsbø

Gravminner

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87



# Replanting og trepleie

*Stein Olav Jordal og Willy Villanger igong med planting.*

Etter at dei gamle trerekkene på Austrheim og Leirvåg gravplass vart fjerna i 2017, så har dei til no ikkje blitt erstatta av nye tre. Vi har brukt litt tid på å finna ut om vi i det heile skulle erstatta dei eller ikkje. Vi landa etterkvart på at vi ønskjer å planta ut nye trerekkjer som erstatning for dei som måtte fjernast. Gravplassane framstod som litt for nakne utan dei gamle trerekkene. Vi søkte råd hos trepleiekspertane i Akasia, som har mange års erfaring med drift av gravplassar og parkanlegg. Vi har hatt dei på synfaring og dei har laga ein planteplan til oss som vi har hatt god nytte av.

Vi satsa på haustplanting etter tilråding frå både planteskule og Akasia.

På Leirvågen har vi planta ut 9 tre i ei rekke på nordsida av gravplassen og på Austrheim gravplass 11 tre. Desse er også plassert i ei rekke inn mot gråsteinsmuren på nordsida. Tresorten er gråasal, som er ein hybrid mellom rogn og asal. Den vil vera langt mindre dominerande enn dei gamle platanlønnetrea, som etterkvart vaks seg store og uhandterlege. Gråasalen vil veksa seg forholdsvis tett og er eit vakkert tre å sjå på. Eitt stort problem med den gamle trerekka var at lønnetrea stod for tett opp til gråsteinsmuren. Dette førte til at trerøtene sprengte på og vart ein trussel for den gamle steinmuren. Den nye trerekka er plassert med større avstand til gråsteinsmuren og skal såleis ikkje vera ein trussel som vil føra til utgliding av stein. På Leirvågen har vi plassert rekka slik at den dannar ei naturleg linje på nordsida av gravplassen.

Austrheim gravplass har også andre tre på gravplassen, både rogn, bjørk og nokre andre sortar. Akasia sine trepleiarar vart engasjert av soknet no i september til å utføra vedlikehald av dei øvrige trea på Austrheim gravplass. Dei har tynna i trekronene og fjerna mindre tre, som har hatt dårleg vekst. Etter ferien har våre gravplassmedarbeidarar også fjerna nokre døde tre som stod langs grusgangen på Leirvåg gravplass. Heldigvis stod dei døde trea slik til at når vi tok dei ut, så danna dei trea som stod igjen ein naturleg allè, men no med litt større avstand mellom trea.

*Leif Arne Økland – kyrkjeverje*



*Kathrine Tysnes Haldorsen – arbeidsleiar trepleie.*



*Stein Olav Jordal og Willy Villanger igong med planting.*